



# Lærdal kommune

## Utval for levekår

### MØTEPROTOKOLL

**Møtedato:** 03.06.2026

**Møtetid:** Kl. 9:00 - 12:00

**Møtestad:** Møterommet på Gamle  
sjukeheimen

**Saksnr.:**

| Følgjande medlem møtte | Parti |
|------------------------|-------|
| Anne Karin Brugrand    | AP    |
| Anita Espe-Larsen      | SP    |
| Iris Blaaflat          | SV    |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti | Følgjande varamedlem møtte | Parti |
|-----------------------------------|-------|----------------------------|-------|
| Hallvard Trohaug                  | AP    | Linda Natvik               | AP    |
| Kristoffer Iversen                | H     | May Britt Solheim          | H     |

|                                   |                            |
|-----------------------------------|----------------------------|
| <b>Møteleiar:</b>                 | Anne Karin Brugrand        |
| <b>Frå adm. møte:</b>             | Kommunedirektør Gunn Lerøy |
| <b>Dokument utlevert i møtet:</b> |                            |
| <b>Synfaring:</b>                 | Lærdal bu- og omsorgsheim  |

#### Merknader:

Prosjektleiar Jonas Edshage hadde synfaringa på Lærdal bu- og omsorgsheim.  
Kulturkonsulent Guro Nesse deltok ved handsaming av sak 007/26 og 008/26

## **Saksliste**

| <b>Sak nr</b> | <b>Sakstittel</b>                                                                                                                     | <b>Gradering</b> |
|---------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------|
| PS-005/26     | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                                                 |                  |
| PS-006/26     | Orientering, meldingar og skriv                                                                                                       |                  |
| PS-007/26     | Orienteringssak - Fråsegn frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune til kommunestyra i Vestland fylke |                  |
| PS-008/26     | Tildeling av kulturmidlar 2026                                                                                                        |                  |
| PS-009/26     | Godkjenning av Møteprotokoll                                                                                                          |                  |

## **005/26 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Tilråding:**

Innkalling og sakliste vert godkjend.

### **03.06.2026 Utval for levekår**

### **Røysting:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

### **UL - 005/26 Vedtak**

Innkalling og sakliste vert godkjend.

## **006/26 Orientering, meldingar og skriv**

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

### **03.06.2026 Utval for levekår**

### **Handsaming i møtet:**

- Synfaring Lærdal bu- og omsorgsheim  
Prosjektleiar Jonas Edshage hadde synfaringa på Lærdal bu- og omsorgsheim.
- Orientering om pleie- og omsorgstenesta  
Kommunalsjef Marianne Voldum og einingsleiar Toril Tørvi Grøthe var til stades og orienterte.
- Generell informasjon frå kommunedirektøren  
Kommunedirektøren orienterte om framdrift for byggeprosjekta i tilknytning til biblioteket, Lærdalsøyri barnehage og Lærdalsøyri skule.

### **UL - 006/26 Vedtak**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

## **007/26 Orienteringssak - Fråsegn frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune til kommunestyra i Vestland fylke**

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Utval for levekår tek fråsegna til orientering.

**03.06.2026 Utval for levekår**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

### **UL - 007/26 Vedtak**

Utval for levekår tek fråsegna til orientering.

## **008/26 Tildeling av kulturmidlar 2026**

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

I samsvar med budsjettet for 2026 tildeler utval for levekår kr. 300.000,- frå konto 14700.151.38500 til frivillige lag og organisasjonar i Lærdal eller andre som oppfyller retningslinjene for tildeling. Midlane vert fordelte slik det går fram av tabellen under (Tilrådd fordeling av kulturmidlar 2026).

**03.06.2026 Utval for levekår**

Tilleggsframlegg, foreslått av Anne Karin Brugrand, Det norske Arbeiderparti

1. Utval for levekår ber om at ein vurderer auke i Kulturmidlane i samband med budsjettforhandlingane for 2027.
2. Utval for levekår ynskjer å, til hausten, få opp sak om revidering av kriteria for tildeling av kulturmidlar.

### **Handsaming i møtet:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

## **UL - 008/26 Vedtak**

I samsvar med budsjettet for 2026 tildeler utval for levekår kr. 300.000,- frå konto 14700.151.38500 til frivillige lag og organisasjonar i Lærdal eller andre som oppfyller retningslinjene for tildeling. Midlane vert fordelte slik det går fram av tabellen under (Tilrådd fordeling av kulturmidlar 2026).

1. Utval for levekår ber om at ein vurderer auke i Kulturmidlane i samband med budsjettforhandlingane for 2027.
2. Utval for levekår ynskjer å, til hausten, få opp sak om revidering av kriteria for tildeling av kulturmidlar.

## **009/26 Godkjenning av Møteprotokoll**

### **Tilråding:**

Møteprotokoll vert godkjend

### **03.06.2026 Utval for levekår**

### **Røysting:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

## **UL - 009/26 Vedtak**

Møteprotokoll vert godkjend